

## KONTROLLUTVALET I NORDDAL KOMMUNE

### MØTEBOK

Møtedato: 2. juni 2014

Møtestad: Rådhuset kl. 10,00

Møtet vart leia av: Jon Kåre Løvoll

Elles til stades: Solveig Linge Stakkestad, Turid Aspehjøll, og Arild Nærø

**= 4 voterande**

Olav Løvoll hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Norddal kommune møtte rådmann Tor Helge Stavdal og avd. ingeniør Yngve Hovden i sak 11/14.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt som vart behandla.

#### **SAK 07/14**

#### **GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 1. APRIL 2014**

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 1. april 2014 blir godkjent.

#### **SAK 08/14**

#### **ÅRSMELDING 2013 – NORDDAL KOMMUNE**

Innstilling datert 28.05.2014 frå kontrollutvalsekretariatet

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2013 for Norddal kommune til orientering.

**SAK 09/14**

**KOMMUNEREKNESKAPEN 2013 – NORDDAL KOMMUNE**

Innstilling datert 28.05.2014 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

1. Norddal kommune sin rekneskap for 2013 blir godkjent.
2. Innan enkelte tenesteområde ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47.

**SAK 10/14**

**REKNESKAP 2013 – NORDDAL EIGEDOMSELSKAP KF**

Innstilling datert 28.05.2014 frå kontrollutvalsekretariatet

Solveig Linge Stakkestad reiste spørsmål ved eigen habilitet og forlet møtet. Ved votering vart Solveig Linge Stakkestad samrøystes erklært habil.

Solveig Linge Stakkestad tok sete.

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

Norddal eigedomsselskap KF sin rekneskap for 2013 blir godkjent.

**SAK 11/14**

**VEDKOMANDE MYKLEBUST VASSVERK – EVENTUELL NY AVTALE, RÅDMANNRN BLIR BEDT OM Å ORIENTERE**

Avd. ingeniør Yngve Hovden orienterte. Av orienteringa kom det fram at gjeldande avtale ikkje er god nok.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 12/14**  
**PRAKTISERING AV PLAN- OG BYGNINGSLOVA I NORDDAL KOMMUNE**  
**UTSETT SAK FRÅ FØRRE MØTE**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

I neste møte vil rådmannen gi ei orientering om kommunens noverande rutinar.

**SAK 13/14**  
**INNSTILLINGSRETT – RÅDMANN ELLER KONTROLLUTVAL**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek saka til orientering.
2. Saka blir å oversende kommunestyret til orientering.

**SAK 14/14**  
**PRESISERING AV SAK 02/14 - TILSETTINGAR I NORDDAL KOMMUNE**  
**ADMINISTRASJONSUTVAL/PARTSAMANSETT UTVAL SI ROLLE**  
(Saka kom opp under eventuelt)

Det kom forslag om å lukke møtet under behandling av denne saka av msyn til personvern.  
Kontrollutvalet gjorde vedtak med heimel i kommunelova § 30. nr. 4 vedtak om å lukke møtet.

I møtet vart gitt ei munnleg presisering som vart formidla til rådmannen.

Jon Kåre Løvoll  
leiar  
(sign.)

Solveig Linge Stakkestad  
nestleiar  
(sign.)

Turid Aspehjell  
medlem  
(sign.)

Arild Nærø  
medlem  
(sign.)